

Kjære medlemmar,

04.02.22

Takk til alle som deltok på den digitale medlemskvelden med Liv Larsen Stray 2. februar! Temaet ADHD, MFNU og enkoprese var aktuelt for mange. Ikkje dårleg med over 165 deltakarar på ein onsdagskveld frå heimekontora! Gratis medlemsmøte er tydelegvis noko som folk liker- og som gjer at vi får fleire medlemmar. Så, velkommen til alle nye medlemmar! Vi er no 721 medlemmar i BUF og ei av dei absolutt største faggruppene i NFF. Liv Larsen Stray vil sende oss artiklar som vil bli lagt ut på den nye nettsida vår <https://www.barneogungdomsfysioterapi.no/>

I dette nyheitsbrevet vil vi slå eit slag for Fysioterapikongressen. Forrige veke vart early bird påmeldingsfristen utsatt til 7. februar, i håp om at fleire ville bli med når vi fekk avklart at samfunnet vart åpna igjen. I tillegg er det muleg å delta digitalt. Vi anbefaler alle å sette seg inn i det mangfoldige programmet <https://gyroconference.eventsair.com/fysioterapikongressen-2022> Det er lagt opp til at det til alle tidspunkt skal vere program som også er aktuelt for oss som jobber med barn- og unge. Nedanfor trekker vi kun fram enkelte programpostar som er spesielt aktuelle for oss:

Dag 1, torsdag 17. mars: Legg merke til at det er mange tema under post FF1, Barnefysioterapi. Her presenterer flinke fysioterapikollegar blant anna studie frå Fysioprim, studie om barns kroppslige lek, om tidlig intervensjon på nyfødt intensiv, om klumpfot og om utmattelse. I tillegg er tema “Den moderne fødekvinne: kravstor eller forsømt” truleg aktuelt for mange barnefysioterapeutar. Det blir forelesning om “Forebygging av idrettsskader blant ungdom” ved Senter for Idrettsskadeforskning. Det er også fleire postersesjoner om tema barn- sjå under postersesjoner 2: barnefysioterapi. Imponerende aktivitet på fagfeltet vårt!

Om kvelden 17. mars er det årsmøte i BUF frå kl. 17.45-19.30- påmeldingslenke vil bli sendt ut snart. Det vil bli muleg å delta fysisk og digitalt. Om kvelden er det mingling, der vi håper mange vil delta (sjølv om ordet i seg sjølv høyrast litt skremmande ut etter år med lite mingling).

Dag 2, fredag 18. mars: Workshop med skadefri i praksis ved Senter for Idrettsskadeforskning og praktisk tilnærming til smerter hos barn og unge, med fokus på langvarige smerter. I tillegg plenumsforelesninger som “En helse – One Health”. Om kvelden er det festmiddag.

Dag 3, lørdag 19.mars: Spesielt aktuelt er tema “Kropp og selvbilde hos barn og ungdom”. I tillegg til forelesningen “Begränsa stillasittande och öka fysisk aktivitet - vad är problemet? Ett svenskt perspektiv Vilken effekt har digitaliseringen på barn och ungdomar?” og plenumsforelesningen om “Søvn, smerte og prestasjon”.

I samarbeid med region Sør-Øst arrangerer vi **fagdag om NUBU på Lillehammer 11.02.2022**. Kun få ledige plasser! For påmelding, følg denne lenka:

<https://fysio.no/Forbundsforbidden/Kurs/Kurskalender/Kurs-for-fysioterapeuter-i-kartleggingsverktoe-ye-NUBU-fra-4-16-aar> Husk at vi har ein avtale med Universitetsforlaget om at medlemmar i BUF får 50% avslag på NUBU-koffert ved bestilling før 10. mai 2022:

<https://www.universitetsforlaget.no/nubu-4-16-testkoffert-1>, rabattkode: fysio

På vegne av styret,

Ingunn Skogseth-Stevens

Leder faggruppen for barne- og ungdomsfysioterapi